


ÅRSMELDING 2018







INNHALD


Dagleg leiar	6
Utbyggingsprosjekt	8
Målområde	17
Vassforsyning	23
Avløp	25
Renovasjon	27
Styrets rapport	30
Resultatrekneskap	35
Balanse	36
Kontantstraumoppstilling	38
Notar	39
Revisors beretning	50

rein vekst


FjellVAR AS skal forvalte, planlegge, utbygge og drifte vass- og avløpsanlegga og renovasjon i kommunene Fjell og Øygarden.

GEBYRUTVIKLING 2009-2018


VATN



AVLØP



RENOVASJON




NØKKELTAL 2018

Tilsette	37
Omsetning	134,3 mill kr
Driftsresultat	29,0 mill kr
Overskot	12,7 mill kr



FjellVAR er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift.





BEREKRAFTIGE TENESTER

I 2018 fylte FjellIVAR 15 år. FjellIVAR blei etablert som følge av at kommunen opplevde kraftig befolkningsvekst og manglande utbygging av offentleg vatn og avløp. I 2003 var berre 9 000 innbyggjarar knytte til offentleg vassforsyning, og berre 6 000 til offentleg avløp. Ved utgangen av 2018 var om lag 24 000 innbyggjarar knytte til offentleg vassforsyning, og 21 000 til offentleg avløpsanlegg. Medan endringa for 15 år sidan blei driven fram av behov for meir effektiv tenesteproduksjon, vil klimaendringar og auka fokus på ressursgjenvinning føre til at også andre område må prioriterast.

I samband med utarbeiding av kommunedelplanen for vatn og avløp i 2011-2022 blei det avdekt manglande leveringssikkerheit i vassforsyninga. I tillegg blei det innført nye krav til reinsing av avløp. Politikarane i Fjell skal ha ros for vedtaket om investering på nærmare 1 mrd. kroner for å sikre vassforsyninga og for å oppfylle nye krav til reinsing av avløp. I 2018 fekk vi den tørraste sommaren på over 70 år. Nytt vasshandsamingsanlegg ved Bildevatnet og målretta arbeid med tetting av lekkasjar gjorde at vi kom oss gjennom sommaren utan fare for å gå tomme for vatn. Eg vil også takke abonnentane som retta seg etter forbodet mot hagevatning.

For at berekraft skal bli meir enn eit tomt omgrep, har FjellIVAR innført prinsipp og metodar som verktøy for å sikre at det blir teke gode val i heile verdikjeda frå planlegging til bygging og drift ved investering i nye anlegg. Det ligg enorme verdier i infrastrukturen vår, og implisitt i omgrepet berekraft ligg eit betydeleg element av kostnadseffektivitet. Det skal sørgje for at VA-gebyra blir utnytta på ein optimal måte. Ved å arbeide målretta og systematisk ser vi at dette gir resultat over tid. I 2005 gjekk det med 1,8 mill. kWh til å forsyne 11 000 innbyggjarar med drikkevatn, medan vi i 2018 brukte 1,2 mill. kWh til å levere drikkevatn til 24 000 innbyggjarar.

I samband med kommunesamanslåinga overtok FjellIVAR drifta av vatn, avløp og renovasjon i Øygarden kommune. Som del av driftsavtalen overtok også FjellIVAR fem tilsette som var knytte til VAR-tenestene i Øygarden kommune. I ettertid ser vi at FjellIVAR fekk i både pose og sekk: fantastisk flinke fagfolk og ein meir robust organisasjon.



Sjølv om FjellVAR AS er eit lite selskap, kan vi vere med på å ta samfunnsansvar gjennom samarbeid med blant anna NAV og Trigger ved å tilby utplassering og jobbtrening. Vi har også innført seriositetsføresegner i alle våre kontraktar med leverandørar/entreprenørar, noko som sikrar gode arbeidsvilkår for dei tilsette og krav til lærlingar og fagarbeidarar. Kontraktane vi har inngått i samband med bygging av reinseanlegget på Våge og Ågotnes, stiller krav om 20 % lærlingar og 60 % fagarbeidarar. Vi er i ferd med å avslutte dei fleste prosjekta i handlingsprogrammet frå kommunedelplanen for vatn og avløp i 2011-2022 samt vedtak om bygging av avløpsreinseanlegg i fjell, og førebelse prognosar tilseier at vi held budsjettet.

Eg vil rette ein stor takk til alle FjellVARs tilsette, som sørgjer for at vi leverer gode tenester til innbyggjarane i dag og i framtida!

Bjarne Ulvestad
DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar Bjarne Ulvestad ved det nye reinseanlegget på Våge.



UTBYGGINGSPROSJEKT

STATUS PR. 31. DESEMBER 2018

Kommunestyret vedtok i møte 1. september 2011 ny kommunedelplan for vatn og avløp i Fjell kommune for perioden 2011-2022. Ein viktig del av denne planen er eit ambisiøst handlingsprogram for vidare utbygging av infrastruktur innanfor vatn og avløp.


Heile programmet omfattar investeringar for 905 millionar kroner, og svært mykje av dette er føresett gjennomført i løpet av dei kommande åra. Det vedtekne handlingsprogrammet er lagt ved i vedlegg 1.

Vidare blei det i kommunestyret den 28. november 2013 gjort vedtak om at det nye hovudavløpsreinseanlegget skal liggje i fjell (alt. F2B). Kostnaden ved nytt avløpsreinseanlegg i fjell ved Storanipa auka frå 293 millionar kroner til 456 millionar kroner samanlikna med handlingsprogrammet i kommunedelplanen for vatn og avløp.

Utbyggingskostnadene på dei fullførte prosjekta er totalt sett i samsvar med kostnadene som ligg i handlingsplanen.



Grunnarbeid godt i gang for reinseanlegg på Krekjebærneset.



PROSJEKT

Bygde og tekne i bruk

VASSLEIDNING TIL EIDE (BESTILT AV KOMMUNESTYRET)

Ny vassleidning til Eide, samarbeidsprosjekt med Franzefoss. Fullført i 2012.

PROSJEKT 1: HAGGARDVATN

Det er lagt til rette for å kunne ta i bruk Haggardvatn som krisevatn. Utført.

PROSJEKT 2: ENGESVATNET

Søknad om konsesjon for regulering av Engesvatnet er godkjent på vilkår av NVE. Det er gitt ei maksimal reguleringstid på 10 år. Vilkåra er truleg for strenge til at det vil vere rett å starte ei oppdemming av vatnet.

PROSJEKT 3: DAM PÅ FJÆREIDE / OPPGRADERING AV EKSISTERANDE DAMMAR

Ny damsikkerhetsforskrift har medført at dammane må forsterkast. Bildevatn, Fjæreide, Signalvatn og Haggardvatn er oppgraderte.

PROSJEKT 4: KØRELEN (UTGREIINGAR OG KONSESJONSSØKNAD)

Arbeidet har blitt utført saman med Sund kommune / Sund VA. Konsesjon på regulering og uttak av vatn er gitt av NVE.

PROSJEKT 5: BILDEBAKKEN VBA

Nytt vasshandsamingsanlegg på Bildebakken blei fullført i 2013 og er teke i bruk.

PROSJEKT 7: AVLØPSREINSEANLEGG VEST, MØVIK RA

Prosjektet omfattar nytt avløpsreinseanlegg for området Fjell-Ulveset-Møvik-Skålvik, med plassering ved kaien i Møvik. Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 11: VINDENES - SKÅRANE

I samband med etablering av fortau frå hovudvegen til Skårane/Vindenes blei det også lagt ned vassleidningar. Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 12: SYLTØY, LOKØY OG FLOGØY

Prosjektet omfattar nye vassleidningar frå Møvik til Syltøy, Lokøy og Flogøy. Prosjektet omfattar òg utseppsleidning frå Møvik. Arbeidet er fullført.

PROSJEKT 13: VINDENES GARD

Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 14: EKREN - NESE

Prosjektet blei fullført og teke i bruk i 2012.



Sørevågen på Foldnes.



Nytt reinseanlegg på Kallestadvika.

PROSJEKT 15: MORLANDSTØ - ÅTTRINGEN - STRAUME
Sjøleidningen til Bildøyna og Åttringen er fullført. Ny pumpestasjon ved Åttringen blei teken i bruk sommaren 2016.

PROSJEKT 16: APALVÅGEN - SKÅLEVIK SKULE
Ny pumpestasjon i Apalvågen og ny leidning til skulen. Avløpet blir då ført vidare til nytt reinseanlegg på Møvik. Fullført.

PROSJEKT 17: BILDØYBAKKEN
Leidningane til høgdebassenget var for små og måtte skiftast ut. Fullført.

PROSJEKT 18: SAMANKOPLING VED ÅGOTNES
Arbeidet er fullført og blei teke i bruk i august 2013. Saman med ny vassleidning i Fjæreidepollen har dette auka vassforsyningskapasiteten monaleg i nordre del av Fjell kommune.

PROSJEKT 20: HØGDEBASSENG PÅ BJORØYNA
Fullført sommaren 2015.

PROSJEKT 21: FJÆREIDEPOLLEN
Ny vassleidning i Fjæreidepollen. Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 22: AVLØPSSANERING OG KAPASITETSAUKE I STRAUME-OMRÅDET

Ny avløpsleidning frå Sartor-området, tunnel til sjøfronten og vidare til Foldnes. I tillegg er pumpestasjonen på Straume oppgradert med nye pumper. Det blir utført opprydding av avløpssituasjonen på Straumsfjellet, og avløpsvatnet skal førast ned til ny pumpestasjon i Arefjord. Ny avløpsleidning er lagd i vegen mellom Arefjord og Storskaret i samarbeid med Statens vegvesen. Det er også lagt ny vassleidning i tunnelen mellom Sjøfronten og via sjakt og opptil Foldnesvegen.

PROSJEKT 23: AVLØPSSANERING PÅ KOLLTVEIT
Delar av arbeidet er fullført, blir delt inn i etappar.

PROSJEKT 27: KOLLTVEIT - NORDRE BILDØYNA - FOLDNES
Arbeidet er fullført.

PROSJEKT 29: HØGDEBASSENG PÅ BURDALSFJELLET
Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 30: MORLANDSTØ - KOLLTVEIT
Eksisterande avløpsreinseanlegg på Morland er teke ut av drift. Avløpet blir no ført til Kolltveit og vidare til Våge. Arbeidet er fullført.

PROSJEKT

Bygde og tekne i bruk

PROSJEKT 33: AVLØPSSANERING PÅ KALLESTAD
Fullført i 2018.

PROSJEKT U1: ANGELTVEITSJØEN
Anleggsarbeidet på byggetrinn 1 blei fullført våren 2014. I første omgang vil ein føre avløpet ned til slamavskiljar ved sjøen, som på sikt skal byggjast om til pumpestasjon, og leie avløpet til nytt hovudreinseanlegg på Ågotnes (byggetrinn 2).

PROSJEKT U4: SOLSVIKA - MISJE - TURØYNA
Vassleidning til Turøyna og Misje er ferdig.

PROSJEKT U6: SØRE BJORØYNA
Ny vassleidning til Søre Bjorøyna blei fullført i 2017.

PROSJEKT U7: DALE
Vassleidning ført fram til Dalseide. Det står att å føre fram leidning til Dale.

PROSJEKT U8: BJORØYNA - LIASKJÆRET
Prosjektet er fullført.

PROSJEKT U9: TRENGEREID - KALLESTAD
Vassleidning ført fram til Kallestad og Trengereid. Fullført i 2018.

PROSJEKT U14: GEITANGER
Ny vassleidning til Geitanger blei fullført i 2016.



Pumpestasjon sør på Kallestad pumper avløp til avløpreinseanlegg i Kallestadvika.

PROSJEKT

Under bygging



Anlegg i fjellhall i Storanipo på Våge.

PROSJEKT 8, 9: NYTT HOVDREINSEANLEGG FOR AVLØP
FjellVAR AS er i gang med bygging av nytt avløps-
reinseanlegg på Våge, og følger så langt framdrifts-
planen med ferdigstilling innan utgangen av 2019.

PROSJEKT 10: AVLØPSREINSEANLEGG PÅ ÅGOTNES
Anleggsarbeid er i gang. Skal vere ferdig i februar 2020.

PROSJEKT 24: SØRE BILDØYNA - STRAUME
Byggetrinn 1 er fullført. Byggetrinn 2 er i gang.

PROSJEKT 25: TRENGEREID - FJELLSPOLLEN - BILDENUTEN
Dette er hovudvassleidningen frå Kørelen til Bilde-
nuten. Delar av leidningen vil bli lagde i samband med
utbygging av Blommen/Kolltveit (Blommen - Kolltveit
skule). Det er også lagt ned vassleidning frå Ekren til
Dalseide/Trengereid.

PROSJEKT 33: LANDRODALEN
Under bygging.

UTBYGGINGSKOSTNADER

Prosjekt. nummer	Prosjektnavn	Kostnadsramme hovedplan	Sluttkostnad	Avvik i forhold til hovedplan
72	Eide, vassleidning	1 200 000	401 500	-798 500
62	Trykkaukestasjon, Nybø	2 300 000	2 267 535	-32 465
65	Møvika trykkøkningsstasjon	3 000 000	2 365 070	-634 930
66	VL Vindenes/Landro	2 000 000	937 295	-1 062 705
68	Lagerbygg - gjenbruksstasjon	1 300 000	1 288 572	-11 428
101	Haggardvatn	600 000	-	-600 000
102	Regulering Engesvatn	3 000 000	333 640	-2 666 360
103	Fjæreidvatnet/oppgradering eks. dammer	15 000 000		-15 000 000
104	Kørelen utgreiing/klausulering	2 500 000	436 839	-2 063 161
105	Bildevatn VBA, ramme auka	25 300 000	24 809 854	-490 146
107	Møvik reinseanlegg/pumpestasjon	22 000 000	18 054 504	-3 945 496
110	Ågotnes AR	45 000 000	62 000 000	17 000 000
111	Skårane	2 000 000	2 396 622	396 622
112	Syltøy, Lokøy og Flogøyna	9 000 000	7 688 706	-1 311 294
113	Vindenes gard VA	4 800 000	6 262 600	1 462 600
114	Ekren - Nese VL	5 700 000	8 444 022	2 744 022
115	Morlandstø - Åttringen - Straume (kun vatn)	23 000 000	24 743 273	1 743 273
116	Apalvågen - Skålevik skule	4 700 000	4 329 077	-370 923
117	Bildøybakken, nye ledninger	5 400 000	7 186 943	1 786 943
118	Samankobling Ågotnes VL	2 600 000	2 162 560	-437 440
119	Ebbesvik - Øvre Snekkevik	3 000 000	3 114 342	114 342
120	Høydebasseng Bjorøyna	6 400 000	5 241 651	-1 158 349
121	Fjæreidepollen VL i sjø	2 100 000	3 879 012	1 779 012
122	Sanering og kapasitetsauke Straume (kun vatn)	10 000 000	9 978 453	-21 547
129	Høgdebasseng Burdalsfjellet/Foldnes	25 000 000	21 819 631	-3 180 369
133	Kallestad avløpsanering	15 000 000	11 091 874	-3 908 126
138	Miljøovervaking/resipientgranskning	2 000 000	2 156 314	156 314
U1	Angeltveitsjøen	6 100 000	4 067 658	-2 032 342
U6	Søre Bjorøyna	10 400 000	6 700 000	-3 700 000
U4	Solsvik-Misje - Turøyna	11 400 000	8 703 713	-2 696 287
U8	Søre Bjorøyna - Liaskjæret	6 900 000	5 911 404	-988 596
U9	Trengereid Tibben (del av Trengereid - Kallestad)	10 800 000	4 382 867	-6 417 133
U14	Geitanger	3 000 000	4 126 823	1 126 823
FORNYING/ REHAB.	Nordvik, utskifting av eksisterande vassleidning	2 639 926	2 639 926	
	Ekren - Kallestad	241 372	241 372	
	Vindenes - Skårane	1 485 146	1 485 146	
	Solsvik PS 48/2014	15 000 000	15 810 251	810 251
	Kallestad vannforsyning	4 988 436	4 988 436	
		316 854 880	292 447 484	-24 407 395

PROSJEKT

Under prosjektering

PROSJEKT 26: UTSLEPPSLEIDNING I VÅGO

Prosjektering er i gang.

PROSJEKT 28: BRATTHOLMEN - VALEN - KNARREVIK

Prosjektet heng saman med nytt hovudreinseanlegg for avløp. Prosjektering er i gang.

PROSJEKT 31: HJELTERYGGEN - KNARREVIK

Prosjektet heng saman med nytt hovudreinseanlegg for avløp. Prosjektering er i gang.

PROSJEKT 34: SOTRASAMBANDET - KNARREVIK

Prosjektering av ny vassleidning Storskaret-Arefjord er fullført. Byggestart er avhengig av Statens vegvesen. Avløpsleidning er planlagt ført til Valen i sjø.

PROSJEKT U3/U11: IDRETTSVEGEN - EBBESVIKA

Prosjektering fullført. Oppstart er avhengig av utbyggar.

PROSJEKT

Planlegging ikkje starta opp

PROSJEKT 6: KØRELEN VBA

Må sjåast i samanheng med kommunesamanslåing.

PROSJEKT 19: EBBESVIK - ØVRE SNEKKEVIK

Prosjektet er ikkje starta opp.

Sekkepostar

Det er i kommunedelplanen sett av ein årleg sum til diverse tiltak (rehabilitering/fornyng).

Følgjande prosjekt er gjennomførte eller under planlegging:

VASSLEIDNING NORDVIK

I samband med legging av ny vassleidning til Ekren og Nese oppdaga ein at dimensjonen på Nordvik var for liten. Denne blei skifta ut i 2012.

Totalkostnad: 2,2 mill. kroner.

VINDENES KAI - SKÅRANE

I samband med at kommunen starta med utbetring av også denne vegstrekninga, nytta FjellVAR AS høvet til å leggje nye vass- og avløpsleidningar. Arbeidet blei fullført i 2013 med ein totalkostnad på 1,5 mill. kroner.

RESIPIENTGRANSKING

FjellVAR AS gjennomførte i 2012 resipientgranskning, med ein kostnad på ca. 2,6 mill. kroner. På bakgrunn av resultatet frå denne undersøkinga er det søkt om fritak for sekundærreinsing for det nye hovud-avløpsreinseanlegget på Litle Sotra.

SANERING AV AVLØP SOLSVIK OG NY VASSLEIDNING TIL SOLSVIK

Byggearbeidet er fullført og teke i bruk.

VASSLEIDNING MISJE-ØYGARDEN

Prosjektering er i gang.

MÅLOMRÅDE



Kulturlandskap
på Dalseidet.

MÅLOMRÅDE FOR FJELLVAR 2013-2018



FjellVAR har gjennomført ein strategiplan for 2013 - 2018.
Det er definert sju mål for selskapet i perioden.

MÅLOMRÅDE	AMBISJONAR
Relasjon til eigar	→ Best på organisering av VAR-tenester i Noreg
Vatn	→ Nok drikkevatt med høg kvalitet
Avløp	→ Inga forureining som skader natur og miljø
Renovasjon	→ Berekraftig og kostnadseffektiv avfallshandtering
Miljø og energi	→ Fjell kommunes fremste miljøbedrift
Kundar og samfunnskontakt	→ Best på kundeoppleving
Organisasjon og kompetanse	→ Mest attraktive VAR-arbeidsplass

Relasjon til eigar

MÅLOMRÅDE

Selskapet skal ha ein effektiv driftsmodell

Kapasitet og kvalitet

God dialog med eigar

Oppfylle forventningar som eigar har gitt gjennom planverk og vedtak



RESULTAT

FjellVAR AS deltek i benchmarking som syner at selskapet er blant dei mest driftseffektive blant deltakarane.

Selskapet leverer tenester av god kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet.

Selskapet deltek i faste dialogmøte med administrasjonen i Fjell kommune og etter behov i utval og møte med ordførar.

I all hovudsak følgjer selskapet handlingsplanen i kommunedelplanen for vatn og avløp. Ved driftsoptimalisering og betre utsortering av avfall bidrar selskapet til at Fjell kommune kan nå måla i energi- og miljøplanen.

Vatn

MÅLOMRÅDE

Vasskvalitet



Abbonentar



Sikkerheit og kapasitet



Vassforsyningsnett



RESULTAT

Ingen avvik i forhold til drikkevassforskrifta. Prøvepunkt over heile distribusjonsnett.

Fjernavleste vassmålarar avventast i påvente av juridiske og tekniske avklaringar, samt kommunesamanslåing.

Samankopling med Blomvåg vassverk Øygarden kommune pågår.

Utbygging av overvaking pågår kontinuerleg.

Lekkasje:

2011: 48 %

2012: 36 %

2013: 26 %

2014: 25 %

2015: 18 %

2016: 11 %

2017: 6 %

2018: 16 %

Lokale vilkår for tilknytning er fastsett.

Avløp

MÅLOMRÅDE

Struktur, kapasitet og kvalitet



Tilknytingsprosent



Restprodukt



RESULTAT

Storanipa RA pågår og er i samsvar med framdriftsplan

Krekjebærneset RA pågår. Ferdigstilling februar 2020.

Utbygging av overføringsleidningar til Storanipa RA pågår.

Kartlegging og utbetring av lekkasjar pågår.

Store Sotra 2015: 55 %
Litle Sotra 2015: 85 %

Store Sotra 2017: 57 %
Litle Sotra 2017: 88 %

Store Sotra 2018: 58 %
Litle Sotra 2018: 95 %

Vurdering er i gang i samband med pågåande prosjektering av Storanipa RA.

Renovasjon

MÅLOMRÅDE

Avfallsmengder frå hushalda (i tonn)

Utsorteringsgrad

Kundetilfredsheit knytt til renovasjon

Tal nedgravne løysingar

RESULTAT

2012: 11 714
2013: 10 468
2014: 11 349
2015: 11 362
2016: 11 050
2017: 11 968
2018: 11 539

2012: 61,5 %
2013: 66,3 %
2014: 61,0 %
2015: 67,3 %
2016: 65,4 %
2017: 71 %
2018: 76 %

2010: 75 %
2012: 77 %
2014: 78 %
2016: 79 %
2018: 78 %

2014: 9
2015: 12
2016: 15
2017: 32
2018: 43

KOMMENTAR

Tala er korrigerte for næringsavfall.

Sorteringsgraden er knytt til gjenbruksstasjon i Lonavegen på Straume.

Basert på målingar i samband med benchmarking.

Nedgravne løysingar finst på Straume og Ågotnes.

Energi

MÅLOMRÅDE

Energiforbruk

RESULTAT

2012: 2 047 315
2013: 1 910 774
2014: 1 880 447
2015: 1 281 590
2016: 1 089 717
2017: 1 000 824
2018: 1 240 368

KOMMENTAR

Stor vekt på å redusere energiforbruket.

Kunder og samfunnskontakt

MÅLOMRÅDE

Kvalitet på kunderegister



Responstid på sakshandsaming: under 10 dagar



Kundemeldingar elektronisk



Ny elektronisk tømmeapp



RESULTAT

Vi har kvalitetssikra heile kunderegisteret og avdekt 8 % avvik som er fakturert tilbake i tid.

2013: 8 dagar
2014: 4,4 dagar
2015: 4,1 dagar
2016: 2,1 dagar
2017: 2,5 dagar
2018: 3 dagar

2013: 2 517
2014: 2 571
2015: 4 862
2016: 6 705
2017: 4 542
2018: 4 830

2015: 2 766 brukarar
2016: 4 200 brukarar
2017: 8 710 brukarar
2018: 14 850 brukare
(574 i Øygarden)

FjellVAR har eit godt samarbeid med lokalt Nav og vi hadde i 2018 to deltakarar inne i arbeidspraksis og gjennom introduksjonsprogrammet for flyktingar.

FjellVAR har det som policy at vi skal ta samfunnsansvar der vi kan og legge best mogleg til rette for både innbyggjarar og kommunen. Det gleder oss spesielt at nye folk finn seg godt til rette hos oss og er med å bidrar positivt i arbeidsmiljø og med høg kvalitet i utføring av tenestene.

Vi har samarbeid og løypande dialog med Nav, Trigger, Live2learn og A2G når det gjelder arbeidspraksis og utprøving av restarbeidsevne.



TRIGGER

live2learn
ferlaglig opplæringskontor



Undervisning/informasjon på introduksjonsprogram, Fjell kommune

Målet med introduksjonsprogrammet er å gje deltakarane grunnleggjande ferdigheiter i norsk, grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv og førebu dei til arbeid eller utdanning.

Her stiller FjellVAR opp og informerer om kildesortering/gjenvinning og kva man kan/ikkje kan kaste i toalettet, tømme kalender for bossenting,



MÅLOMRÅDE

Utvikling av elektroniske postlister



Utvikling av nye nettsider og andre kanalar i sosiale medium



Utgående elektronisk faktura



Inngående elektronisk faktura

**RESULTAT**

2013: 3 913
 2014: 4 506
 2015: 10 097
 2016: 14 609
 2017: 8 538
 2018: 7 667

2015: 10 517 brukarar
 2016: 16 955 brukarar
 2017: 16 608 brukarar
 2018: 18 549 brukarar

2013: 0
 2014: 2 %
 2015: 51 %
 2016: 61 %
 2017: 63 %
 2018: 65%

2013: 5 %
 2014: 20 %
 2015: 80 %
 2016: 92 %
 2017: 94 %
 2018: 96 %

Organisasjon og kompetanse

MÅLOMRÅDE

Sjukefråvær



Fråvær som følge av ulykker på arbeid

**RESULTAT**

2012: 3,8 %
 2013: 3,4 %
 2014: 1,9 %
 2015: 1,8 %
 2016: 1,6 %
 2017: 1,5 %
 2018: 3,7 %

2012: 0 %
 2013: 0 %
 2014: 0 %
 2015: 0 %
 2016: 0 %
 2017: 0 %
 2018: 0 %

- IA-bedrift til 2018
- Godkjenning som lærlingbedrift
- Arbeidsmiljøundersøking: tilsette med god motivasjon og høg trivsel

VASSFORSYNING



Blomvåg vassverk og
Steinsvatnet pumpestasjon



VATN

I 2018 har vi hatt ein større auke i vassforbruket for første gang sidan 2009.

Vasskvalitet

I 2018 blei det teke 686 vassprøver ulike stader på nettet. Kvaliteten er god. Vi har hatt to bakteriologiske avvik ulike stader på nettet som har medført kokevarsel. Begge gonger har kontrollprøvene vore fine, og avvika har ikkje hatt andre konsekvensar for abonnentane enn ekstraarbeid med koking i eit døgn.

Lekkasje

Lekkasjen er no på ca. 16 %. Dette er 10 % opp i forhold til fjoråret. Hovudgrunnen er auka forbruk pga. mykje hagevatning i samband med den tørre sommaren. I månadene april, mai, juni og juli var forbruket 179 000 m³ høgare enn i 2017. Det meste av dette skuldast hagevatning. I tillegg hadde vi eit stort vassbrot som utgjorde ca. 10 000 m³. Desse mengdene svarer til eit auka forbruk på 20 liter pr. person pr. døgn i eitt år for alle som er knytte til offentlig vassforsyning.

Vassproduksjon


Ved årsslutt hadde vi 9 139 private abonnentar (bueiningar, fritidsbustader og naust) som var knytte til offentlig vatn. Det er 642 fleire enn i 2017. Talet på bedrifter har vi ikkje same oversikt over som i 2017, ettersom gebyrregulativet blei endra 01.01.18. Men talet på næringskundar som betaler abonnementsgebyr, er 392. Det kan liggje fleire bedrifter under kvar næringskunde, sidan abonnementsgebyret i 2018 er basert på bygningsareal, og ikkje på tal bedrifter som i 2017.

Totalt vassforbruk frå Fjæreide, Bildøyfjellet og Kørelen vassverk:


$$\begin{aligned}
 &1\,930\,995 \text{ m}^3 \\
 + &828\,342 \text{ m}^3 \\
 + &22\,849 \text{ m}^3 \\
 = &2\,782\,186 \text{ m}^3
 \end{aligned}$$

Det vil seie ein auke på 360 193 m³ frå 2017.

VASSPRODUKSJON



VASSFORBRUK



AVLØP



Ombygging av
avløpsanlegg i Valen.

AVLØP



Kvalitet

Alle avløpsanlegga blir rapporterte inn til Miljødirektoratet. Alle prøveparametrar er teoretisk utrekna, sidan anlegga ikkje er tilrettelagde for prøvetaking, med unntak av Møvik RA. Fylkesmannen har gitt dispensasjon til dette. Utrekninga viser at vi ligg innanfor reinsekrava med god margin på alle slamavskiljarane, medan silanlegga på Brattholmen og Våge ikkje klarer kravet.

Brattholmen reinseanlegg er verstingen blant anlegga. Her er det nesten ikkje reinseeffekt igjen: 3,25 g/pe pr. døgn (krav: 50 g). Arbeid med sanering og overføring til Valen reinseanlegg er i gang.

Våge reinseanlegg vil ha for stor belastning fram til det nye anlegget i Storanipa blir sett i drift. Dette viser også reinseeffekten, som for 2018 ligg på 32,8 g/pe pr. døgn (krav: 50 g).

Kapasitet

Slamavskiljaren i Mathopen på Ågotnes har blitt utnytta enda meir i løpet av 2018. Her er kapasiteten no sprengd. Vi er også 260 pe over utsleppsløvet. Dette kan få konsekvensar for nybygging fram til nytt reinseanlegg på Krekjebærneset er på plass i februar 2020. Slamavskiljaren på Søre Bildøy har også fått mellombels auka belastning på grunn av saneringa som er i gang. Her er vi 311 pe over utsleppsløvet. Anlegget vil bli sanert i løpet av sommaren.

Slamavskiljaren ved Angeltveitsjøen ligg 76 pe over utsleppsløvet. Anlegget vil bli sanert i løpet av 2019. Slamavskiljaren på Vindenes ligg i grenseland når det gjeld utsleppsløve.

Dei andre slamavskiljarane har bra kapasitet.

For silanlegga er det Brattholmen, Hjelteryggen og Våge RA som ikkje har kapasitet til meir. Alle desse vil bli sanerte i løpet av året og overførte til Storanipa RA.

Ca. 16 800 personar var ved utgangen av 2018 knytte til offentlig avløp. For 2018 har vi endra talet på personar i kvar bueining til 2,61. Talet har i tidlegare år vore 3,0. Teoretisk vil vi derfor få ein del færre tilknytte personar i 2018 enn i 2017, sjølv om vi har fått ca. 290 fleire abonnentar.

Vi har levert ca. 648 tonn slam frå reinseanlegga våre, fordelt på 207 tonn frå silanlegga og 441 tonn frå slamavskiljarane. Dette er ca. 70 tonn meir enn i 2017.

Lekkasje

Arbeidet med kartlegging og tilstandsregistrering av innlekkasje av overvatn har gått føre seg også i 2018. Det er planlagt større utbetringar i Storhilderen og Skorafjellet. Arbeidet er svært viktig for å redusere energiforbruket og auke kapasiteten i åra framover. Fylkesmannen stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetringar.

Slam

Innsamling, transport og mottak av slam var ute på anbod i januar 2016. Johny Birkeland Transport AS fekk jobben, same firma som førre periode. Avtalen gjeld i fire år, frå juni 2016, med ein årleg kostnad på ca. 2,8 mill. ekskl. mva. Avtalen omfattar tømning av både private og offentlege slamavskiljarar samt silanlegg. Avtalen er no snart inne i det siste opsjonsåret og går ut 30. juni 2020.

Ca. 2400 private slamavskiljarar blir tømde i løpet av ein tårperiode, noko som er ein normal tømmeffrekvens for slike tankar. I 2018 har vi tømt 1 175 private tankar, 11 kommunale tankar og 5 silanlegg. Dette er fordelt på 881 tonn frå private tankar, 441 tonn frå kommunale tankar og 207 tonn frå silanlegg. Totalt 1 529 tonn.

RENOVASJON



Gjenbruksstasjonen
på Straume.

RENOVASJON



Kjell Rune Glesnes ved nytt miljøpunkt på Tjeldstø.



Open gjengbruksdag ved naturgassparken, Blomøyna.



Hyttecontainer ved Nordra Straumøysundet.

Året 2018 blei et merkeår for FjellVAR, sidan vi 1. mai overtok drifta av alle VAR-tenestene i Øygarden kommune. For renovasjonen inneber dette:

- 3 000 abonnentar
- 100 avfallsbeholdarar med hytterrenovasjon
- gjennomføring av open gjengbruksdag
- oppstart av renovasjon på Hernar
- utvikling av app og kommunikasjon med innbyggjarane

Ny leverandør av avfallsbeholdarar

I 2018 var innkjøp av avfallsbeholdarar ute på anbod, og FjellVAR inngjekk ny kontrakt med Total Holding AS om levering av behaldarar. Som offentlig innkjøpar kan FjellVAR vere med å påverke marknaden i retning av

miljø- og klimavennlege varer og tenester. Vi stilte strengare miljøkrav til den nye leverandøren og dei nye behaldarane er laga av resirkulert plast. Det er svært viktig for FjellVAR å bidra i den sirkulære økonomien og sikre at det er ein marknad for blant anna gjenvunnet plast.

Auka gjenvinning

Innsamling av fleire fraksjonar bidreg til å gjere innbyggjarane meir medvitne når det gjeld sortering. Det er svært gledeleg å sjå at mengda tekstilar og glas-/metallemballasje er aukande. Frå 2017 til 2018 auka utsorteringa av tekstilar med 9,6 % og glas- og metallemballasje med 6 %.

Sommervikar Mathilde Alvheim, strandrydding på Turøyna.



Utvida samfunnsansvar

FjellVAR får ansvaret for avfallshandtering i stadig fleire friluftsområde og parkar. Kommunane og FjellVAR sitt prosjekt mot marin forøpling blei avslutta i desember 2018. Oppsummert blei resultatet at i alt 1300 barn og unge var med på strandrydding, og totalt blei 130 tonn marint avfall samla inn i prosjektperioden 2017-2018. Vi tykkjer dette er formidabelt!

I 2018 har FjellVAR utvida samfunnsansvaret sitt til å samarbeide med Hordaland frimsorg. Vi er glade for å kunne delta som tilretteleggjar for at folk skal få ei passande, men likevel meiningsfylt samfunnssteneste. Vi har i tillegg samarbeidd med NAV lokalt om å introdusere praksiskandidatar i norsk arbeidsliv.



Sommervikar Frederic Falck, innhenting av marint avfall ved Buarøyna.

Avfall er ein ressurs

Omgrepet sirkulær økonomi har prega mykje av debatten rundt og i avfallsbransjen i 2018. Bransjen har sjølv utarbeidd eit vegkart for sirkulær økonomi, og alt tyder på at avfalls- og gjenvinningsbransjen vil få ei sentral rolle i å nå nasjonale mål.

I ein sirkulær økonomi er avfall først og fremst råstoff for ny produksjon. Dette medfører ein betydeleg reduksjon i bruk av jomfruelege ressursar, meir effektiv utnytting, auka gjenbruk og reparasjon samt gjenvinning av det som framleis blir avfall.

På lang sikt medfører ein sirkulær økonomi at det i utgangspunktet ikkje oppstår avfall, og dermed vil heller ikkje avfallsindustrien finnast slik vi kjenner han i dag. Det vil berre finnast industri, sidan alle ressursar går i sirkulasjon. Men vegen dit er lang. Gjenvinning av avfall vil derfor spele ei sentral rolle i den sirkulære økonomien i lang tid framover.


HUSHALDA

AVFALLSMENGDE TOTALT 2018

Fjell kommune	11 539 tonn
Øygarden kommune	1 962 tonn

PER INNBYGGAR


Fjell kommune	Øygarden kommune
433 kg	401 kg



2018 vart det samle inn 8 % mindre restavfall hos hushaldningane samanlikna med 2017. Trass befolkningsauke syner dette at innbyggjarane kaster mindre restavfall samanlikna med tidlegare år.

GJENBRUKSSTASJONEN

UTSORTERINGSGRAD



Mindre restavfall og meir av dei utsorterte fraksjonane kjem fram i den positive auke på materialsortering. I 2018 vart denne på 42,1 %.



STYRETS RAPPORT

Verksemda

Fjell vatn, avløp og renovasjon AS (FjellVAR) blei stifta den 20.01.03. Selskapets vedtektsfesta føremål er å stå for forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i Fjell kommune samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall.

I tillegg driv selskapet med ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring.

Eigar

Fjell kommune eig 100 % av aksjane i selskapet.

Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2018

Frå 1. mai overtok FjellVAR drifta av vatn, avløp og renovasjon i Øygarden kommune. Totalt fem tilsette i Øygarden kommune blei overførte til FjellVAR. Dermed har FjellVAR blitt tilført både kunnskap og kompetanse. Prosessen med overtaking av medarbeidarar frå Øygarden kommune har blitt gjennomført på ein god måte.

Sommaren 2018 var den tørraste sidan 1947, og FjellVAR var rusta til å handtere situasjonen. I samband med rullering av kommunedelplanen for vatn og avløp i 2011-2022 blei det stadfesta manglande kjelde-

kapasitet og mykje lekkasje på vassleidningane. Arbeidet med tetting av vassleidningar og nytt vassverk på Bildevatnet har utan tvil bidrege til at vi kom oss gjennom sommaren på ein god måte.

Selskapet er i rute med bygging av nytt avløpsreinseanlegg på Våge. Totalt skal det investerast 456 millionar kroner i nytt reinseanlegg på Våge/Storanipa med overføringsleidningar. Det er forventa at anlegget vil bli teke i bruk innan utgangen av 2019.

Nytt avløpsreinseanlegg på Ågotnes/Krekjebærneset er også under bygging, og vi forventar at det vil bli teke i bruk våren 2020.

I samband med konkursen til RenoNorden blei FjellVAR påført eit økonomisk tap som er meldt inn til konkursbuet. For å sikre kravet vårt har FjellVAR gjort ei motrekning. Bustyret er ikkje samde i at FjellVAR har rett til å motrekne.

Arbeidsmiljø og likestilling

Styret i selskapet har sju medlemmar, fire kvinner og tre menn. Totalt er det 36 tilsette: 3 kvinner og 33 menn. Ved rekruttering til styre, utlysing av ledige stillingar, fastsetjing av løn osv. legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som råd er.



Verksemda har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidstilhøve. Det totale sjukefråværet i 2018 var 3,7 % (2017: 1,6 %), og av dette var korttidsfråværet på 1,5 % (2017: 1,5 %). FjellVAR AS er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråvær og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelse-tenesta vår, Aktimed.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråvær.

Forskning og utvikling

Selskapet driv ikkje med eige forskings- og utviklingsarbeid, men gir generell FoU-støtte via medlemskapet i Norsk Vann og Avfall Norge.

Klima og miljø

FjellVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. Selskapet fokuserer på reduksjon av energi- og vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat.

Selskapet er godt i gang med sanering av 13 avløpsreinseanlegg som skal erstattast med tre større anlegg med betre reinsing. Først ute var Møvik avløpsreinseanlegg, som hadde sitt første heile driftsår i 2013.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnett og sprengjer kapasiteten på leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Selskapet har dei siste åra derfor prioritert tiltak som reduserer innleking til leidningane.

Selskapet er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav til kjeldesortering og har fokus på miljøvennleg drift av selskapet.


Selskapet har hatt eit omfattande samarbeid med andre organisasjonar og frivillige om innsamling av marint avfall. Totalt blei det i regionen samla inn 100 tonn marint avfall i 2018.

Vidare drift

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for framleis drift er til stades. Til grunn for vurderinga ligg årsrekneskapsrapporten for 2018.

Selskapets stilling og resultatet av verksemda

Selskapet hadde i 2018 samla driftsinntekter på kr 134 338 614. Av dette utgjorde offentlege vassgebyr, avløpsgebyr, renovasjonsgebyr og gebyr for tømning av septiktankar i Fjell kommune kr 114 252 646. Kr 6 891 859 var andre inntekter, og driftsinntektene frå Øygarden kommune var på kr 13 916 769.



Samla driftskostnader var på kr 105 307 337. Netto finanskostnader utgjorde kr 15 908 734. Året er gjort opp med eit overskot før skatt på kr 13 122 543.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde kr 12 679 388 i 2018 mot kr 37 266 122 i 2017. Pr. 31.12.18 har selskapet ein total kapital på kr 785 893 284, og av dette er kr 29 172 012 kortsiktig gjeld. Selskapet har pr. 31.12 ein eigenkapitaldel på 1,8 %.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av selskapets resultat eller stilling.

Etter styrets oppfatning gir den framlagde rekneskapsrapporten eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

Investeringar

I løpet av 2018 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 107 millionar kroner. Investeringane vil auke i tida framover som følgje av dei planlagde investeringane i handlingsprogrammet som blei vedteke i 2011. Forventa auke i folketilveksten og endringar i rammevilkåra vil føre til ei større endring i infrastrukturen for vatn og avløp.

Fleire prosjekt er tekne i bruk i 2018 eller er under bygging ved utgangen av 2018:

- vass- og avløpsleidning til Kallestad (inkl. avløpsreinseanlegg Kallestadvika)
- vassleidning Dale-Trengereid
- avløpspumpestasjon på Søre Bildøyna
- vassleidning til Lie og Liaskjæret
- avløpsleidning frå Søre Straume til Søre Bildøyna og vidare til Foldnes
- avløpsleidning frå Valen til Arefjord

Prosjekt som er under bygging:

- vassleidning i Landrodalen (Landro-Vindenes)
- vass- og avløpsleidningar i vegen Lonavegen-Smålonane-Idrettsvegen-Storskaret
- avløpspumpestasjon på Valen
- avløpsleidning Foldnes-Våge
- avløpsreinseanlegg på Storanipa
- avløpsreinseanlegg på Krekjebærneset (Ågotnes)

Det er også sendt inn søknad til NVE om å auke reguleringshøgda på Fjæreide og dermed auke kjeldekapasiteten. NVE gav berre konsesjon til ti år, og tiltaket fell derfor ut.

Økonomisk resultat og styrets framlegg til disponering

Selskapets økonomiske resultat før skatt for 2018 blei eit overskot på kr 13 122 543, mot eit budsjettert underskot på kr 2,4 mill. FjellVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren.

Selskapet er frå 2012 definert som «øvrig foretak» etter rekneskapslova. Ei vesentleg endring som følgje av at selskapet blir rekna som stort selskap, er at ein må føre estimatavvik for framtidige pensjonsforpliktingar i balansen. Pensjonsforpliktingane utgjør for rekneskapsåret kr 7 241 714.

Styret vil gjere framlegg om at overskotet i 2018 blir lagt til sjølvkostfond og eigenkapital. Den bokførte eigenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på kr 4 445 682. Netto bokført eigenkapital er kr 14 445 682 pr. 31.12.18.

Finansiell risiko

Selskapet har relativt store lån. Store investeringar i ny infrastruktur vil auke gjelda i tida framover. Styret i FjellVAR AS har lagt vekt på å unngå risiko, og selskapet har derfor sikra delar av låna mot rentesvingingar ved bruk av rentesikringsinstrument med spreiding i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall.

Utover dette ser ikkje styret at selskapet har større finansiell risiko.

Likviditetsmessig risiko

Selskapet hadde ved utgangen av 2018 meir enn kr 166 mill. i bank, noko som sikrar god likviditet i starten på 2019. Risikoen er vurdert som låg for selskapet.

Samfunn

Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneskerettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til våre leverandørar.

Noko av det vi gjer for å sikre oss ansvarleg åtferd, er å

- stille krav om at selskapa er à jour med skatt og mva.
- stille krav om at våre leverandørar er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og HMT
- kontrollere at allmenngjort minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgt

Vegen vidare

Fjell kommune har hatt stor auke i folketalet heilt sidan ein fekk brusamband til Bergen på 1970-talet. I september 2011 vedtok kommunestyret ny kommunedelplan for vatn og avløp i perioden 2011–2022. Målet med planen var mellom anna å kartleggje dagens situasjon og kva tiltak som må gjennomførast før vassforsyninga og avløpsanlegga tilfredsstillar forskriftskrava. Sjølv om det er stor usikkerheit knytt til utviklinga i folketalet framover, vil ein moderat auke i folketalet krevje investeringar i ny infrastruktur.

Hovudformålet for vassforsyninga i Fjell kommune er at ein skal syte for at befolkning og næringsliv som er tilknytt, skal vere sikra leveranse av tilstrekkeleg og godt nok vatn. Det vil vere viktig å auke kjeldekapasiteten, auke vasshandsamingskapasiteten og sikre overføringskapasiteten. I løpet av dei neste ti åra er det foreslått ei investering innan vassforsyninga på om lag 400 millionar kroner.

Endringar i forureiningsforskrifta har medført ei innskjerping av reinsekrava i sentrale delar av kommunen, og det vil medføre store investeringar i nye reinseanlegg for avløp med tilhøyrande leidningsnett. Førebels kostnadsoverslag syner at ein må investere nærmare 500 millionar kroner for å støtte desse forskriftskrava.

Det er i perioden 2009–2018 lagt ned eit betydeleg arbeid i å redusere energikostnadene. Innan vassforsyninga har ein redusert energiforbruket med om lag 50 % i perioden. Det er også starta opp arbeid med kartlegging av overvatn som blir leia til avløpsleidningane. Innleking av overvatn til avløpsnettet fører til at det ikkje er kapasitet til å ta imot tiltenkt mengde med avløp.

Takk til dei tilsette

Styret ønskjer å takke alle tilsette for positiv vilje og arbeidsinnsats i året som gjekk. Motiverte og endringsvillige medarbeidarar er avgjerande for den vidare utviklinga av FjellVAR AS som samfunnsaktør og miljøbedrift.

Styret i Fjell vatn, avløp og renovasjon AS
Straume, 29. april 2019



Ole Gerhård Fredheim
Styreleiar



Elna Nybakk
Nestleiar



Lars Oskar Lie
Styremedlem



Cato Dahle
Styremedlem



Eli Årdal Berland
Styremedlem



Reidun Irene Brekke
Styremedlem



Tonje Alsvåg
Styremedlem



Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar





RESULTATREKNESKAP 2018

	Note	2018	2017
DRIFTSINNTEKTER			
Kommunale årsgebyr og tilknytingsgebyr	5	113 515 785	109 141 217
Andre driftsinntekter	5	20 822 828	6 302 111
Sum driftsinntekter		134 338 614	115 443 327
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnader	5	27 074 577	21 547 742
Lønskostnader	3,4,5	24 096 674	20 938 731
Avskrivning	5,6	18 183 186	17 773 769
Nedskrivning	5,6	304 447	-
Andre driftskostnader	3,5,9	35 648 454	29 517 397
Sum driftskostnader		105 307 337	89 777 639
Driftsresultat		29 031 276	25 665 689
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Andre renteinntekter		1 763 774	2 454 527
Andre finansinntekter		2 766	2 679
Andre rentekostnader	7,9	17 673 273	16 136 971
Andre finanskostnader		2 000	4 807
Netto finans	5	-15 908 734	-13 684 572
Ordinært resultat før skattekostnad	5	13 122 543	11 981 117
Skattekostnad på ordinært resultat	12	333 874	187 809
Årsresultat		12 788 668	11 793 308
OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR			
Overføring til/frå annan eigenkapital	13	1 115 347	576 148
Sjølvkostresultat overført til/frå sjølvkostfond	15	11 673 321	11 217 160
Sum overføringer		12 788 668	11 793 308



BALANSE

Anleggsmiddel	Note	2018	2017
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	6	4 543 499	4 293 351
Anlegg i drift	6, 8	427 622 715	422 937 202
Driftslausøyre, inventar, verkøy, kontormaskinar ol.	6, 8	2 727 307	2 379 624
Anlegg under utbygging	6	168 732 053	85 663 571
Sum varige driftsmiddel		603 625 575	515 273 748
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Innskot KLP	4	566 067	487 860
Sum finansielle anleggsmiddel		566 067	487 860
Sum anleggsmiddel		604 191 642	515 761 608
Omløpsmiddel			
Varer		17 993	56 760
FORDRINGAR			
Kundefordringar	8, 9, 10	14 520 263	6 487 573
Forskotsbetalte kostnader og andre fordringar		271 289	6 027 669
Sum fordringar		14 791 551	12 515 242
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	166 892 098	121 211 538
Sum omløpsmiddel		181 701 642	133 783 540
Sum eignelutar		785 893 284	649 545 147

Eigenkapital	Note	2018	2017
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	13, 14	10 000 000	10 000 000
Sum innskoten eigenkapital		10 000 000	10 000 000
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital	13	4 445 682	3 330 334
Sum opptent eigenkapital		4 445 682	3 330 334
Sum eigenkapital		14 445 682	13 330 334
Gjeld			
AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR			
Pensjonshefte	4	7 241 714	7 422 490
Sjølvkostfond	15	41 581 690	29 908 370
Sum avsetjing for forpliktingar		48 823 404	37 330 860
ANNA LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7, 8	693 452 186	553 533 346
Sum anna langsiktig gjeld		693 452 186	553 533 346
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld	9	19 463 448	34 888 685
Skatt til betaling	12	333 874	187 809
Skuldig offentlege avgifter		2 466 512	1 314 191
Anna kortsiktig gjeld	9, 11	6 908 177	8 959 922
Sum kortsiktig gjeld		29 172 012	45 350 607
Sum gjeld		771 447 602	636 214 813
Sum eigenkapital og gjeld		785 893 284	649 545 147

Styret i Fjell vatn, avløp og renovasjon AS
Straume, 29. april 2019



Ole Gerhård Fredheim
Styreleiar



Elna Nybakk
Nestleiar



Lars Oskar Lie
Styremedlem



Cato Dahle
Styremedlem



Eli Årdal Berland
Styremedlem



Reidun Irène Brekke
Styremedlem



Tonje Alsvåg
Styremedlem



Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar



KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING

KONTANTSTRÅUM FRÅ DRIFTA	Note	2018	2017
Resultat før skattekostnad		13 122 543	11 981 117
Betalt skatt i perioden	12	-187 809	-
Ordinære avskrivningar	6	18 183 186	17 773 769
Nedskrivningar	6	304 447	-
Endring i varer		38 767	56 388
Endring i kundefordringar		-8 032 690	-1 369 888
Endring i leverandørgjeld		-15 425 237	10 234 243
Forskjell i pensjonsmidlar/-forpliktingar	4	-180 776	522 399
Endring i andre tidsavgrensingspostar		4 856 957	-1 931 906
Netto kontantstrøm frå drifta		12 679 388	37 266 122
KONTANTSTRÅUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR			
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmiddel	6	-106 839 460	-109 674 890
Ut-/innbetalningar ved kjøp av aksjar og partar		-78 207	-71 812
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-106 917 667	-109 746 702
KONTANTSTRÅUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR			
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld		163 600 000	-
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-23 681 160	-14 717 118
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		139 918 840	-14 717 118
Netto endring i likvidar i året		45 680 561	-87 197 698
Kontantar og bankinnskot per 01.01.		121 211 538	208 409 237
Kontantar og bankinnskot per 31.12.		166 892 098	121 211 538



NOTAR TIL REKNESKAPEN

NOTE 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

SJØLVKOSTFOND

FjellVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Selskapet har derfor valt å synleggjere opptente midlar knytte til sjølvkostverksemda som eit sjølvkostfond, sidan dette er forskotsbetalingar frå kundane.

SALSINNTEKTER

Frå 1. oktober 2014 overtok FjellVAR AS ansvaret for utfakturering av dei kommunale vass-, avløps- og renovasjonsgebyra. Årsgebyr blir rekna inn over abonnementsperioden. Kunder som nyttar vassmålar, blir fakturerte a konto 4 gonger, med endeleg avrekning på slutten av året etter faktisk forbruk. Tilknytingsgebyr blir inntektsførte i det året tilknytninga skjer. FjellVAR AS har sikra sine krav gjennom legalpant i dei respektive eigedomane.

Frå 1 mai 2018 tok FjellVAR AS over drifta i Øygarden kommune. Dette har ført til at selskapets inntekter og kostnader har auka i 2018. FjellVAR AS fakturerer Øygarden kommune for alle kostnader slik at resultat-effekten i rekneskapen er kr 0. Avdelingsrekneskapen for Øygarden vert presentert i note 5.

Sal av andre varer blir inntektsført på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir utførte.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGNELUTAR OG GJELD

Eignelutar som er bestemte til varig eige eller bruk i verksemda, er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast tilbake innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagde til grunn.

Anleggsmiddel blir vurderte til kost, men nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta å ikkje vere forbigråande. Langsiktige lån blir balanseførte til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel blir vurderte til den lågaste verdien av kost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført som nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

FORDRINGAR

Kundekrav og andre krav er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventta tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av en bloc-avsetjing på 2 % av fordringsmassen. Spesifikke fordringar blir nedskrivne når leiinga meiner at dei ikkje kan drivast inn heilt eller delvis.

VAREBEHALDNING

Lager av innkjøpte varer er verdsett til den lågaste verdien av anskaffingskost og verkeleg verdi. Anskaffingskost blir vurdert etter FIFO-prinsippet.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over driftsmiddelet si økonomiske levetid dersom levetida er over 3 år. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført etter kvart som det blir utført, medan påkostnad eller forbetring blir lagt til kostprisen på driftsmiddelet og avskriven over resterande økonomisk levetid. Utgifter til forskning og utvikling blir resultatførte når dei oppstår. Avskrivningar blir gjorde etter ein lineær avskrivingsplan.

PENSJONAR

Verksemda har kollektiv (felles) pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) for dei tilsette. Ordninga i KLP inkluderer også tariffesta AFP-ordning frå fylte 62 år. Ordningane er ytingsplanar, dvs. at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Dei tilsette betaler premie tilsvarande 2 % av løna, og selskapet betaler resten av premien. Dei ytingsbaserte pensjonsordningane blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytingane som er rekneskapsmessig opptente på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi.

Endringar i ytingsbaserte pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, blir fordelte over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Akkumulert verknad av estimatendringar og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinstar og tap) under 10 % av det som er størst av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane ved starten på året, blir ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verknaden er over 10 %-grensa ved starten på året, blir det overskytande resultatført over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Periodens netto pensjonskostnad blir klassifisert som løns- og personalkostnader.

SKATT

FjellVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Eit eventuelt overskot i verksemda skal berre nyttast til å realisere selskapet sitt ideelle føremål. På bakgrunn av dette har Skatt Vest etter ei samla vurdering kome til at selskapet ikkje har erverv til føremål med noverande verksemd, og at det derfor skal fritakast for formues- og inntektsskatt.

Etter lovendring av 01.07.2004 skjer handtering av avfall frå bedriftskundar i fri konkurranse med andre aktørar. FjellVAR er ikkje lovpålagt å gi eit renovasjonstilbod til slike kundar, og lova krev ikkje at denne tenesta skal

drivast etter sjølvkostprinsippet. Likningskontoret har bede om at det blir levert skattemelding for denne delen av verksemda. FjellVAR betaler derfor skatt berre av netto inntekter relatert til handtering av avfall frå bedriftskundar. Skattepliktig resultat avvik dermed frå det ordinære resultatet til heile selskapet.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

NOTE 2 Bankinnskot

Av selskapet sine bankinnskot er følgjande bundne skattetrekksmidlar i bank pr. 31.12.2017:

	2018	2017
Bundne skattetrekksmidlar	1 054 013	786 212

NOTE 3 Løn, godtgjersle, lån til tilsette m.m.**LØNSKOSTNADER**

	2018	2017
Løn	18 588 423	15 598 400
Arbeidsgivaravgift	3 022 855	2 581 335
Pensjonskostnader ekskl. arbeidsgivaravgift og adm.	2 171 471	2 307 163
Andre ytingar	313 926	451 832
Sum	24 096 674	20 938 730

Gjennomsnittleg tal årsverk sysselsett i rekneskapsåret	41,2	28,8
---	------	------

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

	Løn	Pensjonsutgifter	Anna godtgjersle
Dagleg leiar	1 151 005	23 020	7 831
Styrehonorar	261 800		

GODTGJERSLE TIL REVISOR ER FORDELT PÅ FØLGJANDE

	2018	2017
Lovpålagt revisjon	95 540	91 710
Andre revisjonsrelaterte tenester	98 840	129 652
Teknisk utarbeiding av rekneskap og likning	45 000	28 000
Sum	239 380	249 362

Meirverdiavgift er ikkje inkludert i revisjonshonoraret.

NOTE 4 Pensjonar

Verksemda pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova.

Verksemda har pensjonsordningar som omfattar alle selskapets tilsette. Pr. 31.12.18 omfattar pensjonsordninga 36 aktive tilsette, inkludert vikarar og deltidstilsette, 9 pensjonar og 19 med oppsette rettar. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

Forpliktinga er dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

	2018	2017
Noverdi av årets pensjonsopptening	2 600 829	2 477 774
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	865 601	820 436
Avkasting på pensjonsmidlane	-1 073 361	-814 281
Administrasjonskostnader	137 713	116 753
Arbeidsgivaravgift	356 840	366 696
Netto pensjonskostnad	2 887 622	2 967 378
Opptente pensjonsforpliktingar	37 021 725	34 024 263
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	27 221 630	25 462 165
Arbeidsgivaravgift	1 381 813	1 207 256
Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik	-3 940 194	-2 346 864
Netto pensjonsforplikting	7 241 714	7 422 490
ØKONOMISKE FØRESETNADAR	2018	2017
Diskonteringsrente	2,60 %	2,40 %
Forventa lønsvekst	2,75 %	2,50 %
Forventa G-regulering	2,50 %	2,25 %
Forventa pensjonsregulering	1,73 %	1,48 %
Forventa avkasting	4,30 %	4,10 %

Dei aktuarmessige føresetnadene er baserte på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

Eigenkapitaltilskot i KLP

Bokført innskot 31.12.17	487 860
Eigenkapitalinnskot 2018	78 207
Bokført innskot 31.12.18	566 067

Avd. rekneskap for Fjell 2017

	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon hushald	Renovasjon næring	Sum
DRIFTSINNEKTER						
Kommunale årsgebyr	38 051 626	35 508 041	3 021 088	21 999 269	3 315 700	101 895 724
Tilknytingsgebyr	4 100 482	3 145 010	0	0	0	7 245 492
Andre inntekter	740 653	167 409	80 065	4 062 245	1 251 739	6 302 111
Sum driftsinntekter	42 892 761	38 820 460	3 101 153	26 061 514	4 567 439	115 443 327
DRIFTSKOSTNADER						
Varekostnader	825 939	1 686 414	1 805 837	15 014 456	2 215 097	21 547 742
Løns- og personalkostnader	6 513 090	6 969 575	926 449	5 419 522	1 110 096	20 938 731
Avskrivning	9 925 176	5 775 703	28 726	1 963 776	80 387	17 773 769
Energikostnader	1 027 983	760 441	7 122	55 532	5 203	1 856 281
Andre driftskostnader	12 508 519	10 359 302	528 056	3 877 669	387 570	27 661 116
Sum driftskostnader	30 800 707	25 551 435	3 296 190	26 330 955	3 798 353	89 777 639
FINANSPOSTAR						
Finansinntekter	1 445 591	929 256	18 811	59 426	4 123	2 457 206
Finanskostnader	9 764 027	6 221 421	4 180	142 899	9 250	16 141 778
Netto finanspostar	8 318 436	5 292 165	-14 631	83 473	5 127	13 684 572
Årets resultat	3 773 618	7 976 861	-180 405	-352 915	763 958	11 981 117

NOTE 6 Varige driftsmiddel

	Tomter	Anlegg i drift, bygningar og annan eigedom	Anlegg under utbygging	Inventar, utstyr, kontormaskiner, transportmiddel m.m.	Sum
Anskaffingskost 01.01.18	4 293 351	580 345 469	85 780 665	14 955 063	685 374 547
Tilgang i året	250 148		104 568 507	2 020 805	106 839 460
Overføring		21 500 025	-21 500 025		-
Anskaffingskost 31.12.18	4 543 499	601 845 494	168 849 148	16 975 868	792 214 007
Akk. av- og nedskrivning pr. 01.01.18	-	-157 406 917	-117 095	-12 576 790	-170 100 802
Årets ordinære avskrivning	-	-16 511 415	-	-1 671 771	-18 183 186
Årets nedskrivning		-304 447	-	-	-304 447
Akk. av- og nedskrivning pr. 31.12.18	-	-174 222 779	-117 095	-14 248 561	-188 588 435
Bokført verdi pr. 31.12.18	4 543 499	427 622 715	168 732 053	2 727 307	603 625 575
Bokført verdi pr. 01.01.18	4 293 351	422 937 202	85 663 571	2 379 624	515 273 748
Økonomisk levetid		20 - 40 år		3 - 5 år	
Avskrivningsplan		Lineær		Lineær	

NOTE 7 Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt

	2018	2017
Kommunal Landspensjonskasse	577 906 060	462 919 226
Sum	577 906 060	462 919 226

FjellVAR sine lån er tekne opp som serielån med resterande tid 30 - 40 år. Dei er dessutan fullt ut sikra med sjølvskuldnarkausjon frå Fjell kommune.

Selskapet har inngått avtale om rentesikring for delar av sine lån. Rentesikringa er eit ledd i selskapet sitt ønske om føreseielege rentebetalningar for å hindre store resultatutslag som følgje av rentesvingingar, og for å redusere risikoen knytt til låna.

Estimert negativ marknadsverdi av rentesikringsavtalen pr. 31.12.2018 er vist nedanfor.

	Handelsdato	Betal/ta imot - kurs	Hovudstol	Forfallsdato	Marknadsverdi 31.12.2018
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 1,06 %	58 000 000	08.04.2019	337 461
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,60 %	58 000 000	08.04.2019	-1 335 012
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 1,06 %	46 400 000	08.04.2024	3 414 622
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,97 %	46 400 000	08.04.2024	-10 215 276
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 1,28 %	72 212 430	31.12.2030	10 190 280
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,79 %	72 212 430	31.12.2030	-24 960 371
Sum					-22 568 296

NOTE 8 Pantegarantiar

Eigaren av selskapet, Fjell kommune, har gjennom kommunestyrevedtak stilt kommunal garanti for låneopptak på kr 588 684 700 ved KLP, der restlån pr. 31.12.18 er kr 532 004 816.

I 2018 er det stilt ny garanti for låneopptak på kr 163 600 000 ved Kommunalbanken der restlån pr. 31.12.18 er kr 161 447 370.

FjellVAR betalte i 2018 ei sjølvskuldnarkausjonsrente til Fjell kommune på kr 1 360 000.

NOTE 9 Mellomvære med Fjell kommune

	2018	2017
KUNDEFORDRINGAR		
Fjell kommune	383 007	271 694
LEVERANDØRGJELD		
Fjell kommune	-	1 022 729
ANNA KORTSIKTIG GJELD		
Fjell kommune	1 360 000	0
TENESTEKJØP		
Fjell kommune	917 863	1 005 357
GARANTIKOSTNAD KLASSIFISERT SOM RENTEKOSTNAD		
Fjell kommune	1 360 000	1 000 000

NOTE 10 Kundefordringar

	2018	2017
Kundefordringar	14 752 944	6 629 768
En bloc-avsetjing for forventa tap	-232 681	-142 195
Sum	14 520 263	6 487 573

NOTE 11 Avsetjing for forpliktingar og anna kortsiktig gjeld

	2018	2017
Skuldig løn og feriepengar	2 081 724	1 636 599
Påkomne renter	1 806 071	2 659 354
Andre påkomne kostnader	3 020 383	4 663 970
Sum	6 908 177	8 959 922

NOTE 12 Skatt

Verksemda har i hovudsak skattefritak (sjå rekneskapsprinsipp om skatt i note 1). Skattepliktig resultat er berre resultat for den skattepliktige delen av verksemda. Det er derfor ikkje direkte samsvar mellom ordinært resultat i rekneskapen og i skattenoten.

	2018	2017
ÅRETS SKATTEKOSTNAD		
Skatt til betaling	333 874	187 809
Årets totale skattekostnad	333 874	187 809
BEREKNING AV ÅRETS SKATTEGRUNNLAG		
Ordinært resultat før skattekostnad	1 449 222	763 957
Permanente forskjellar	10 259	12 068
Endring i midlertidige forskjellar	-7 853	24 085
Bruk av framførbart underskot	0	-17 573
Årets skattegrunnlag	1 451 627	782 537
Skatt til betaling (23 % / 24 %) av årets skattegrunnlag	333 874	187 809
OVERSIKT OVER MIDLERTIDIGE FORSKJELLAR		
Netto pensjonsforplikting ført i balansen	-304 651	-312 504
Netto midlertidige forskjellar pr. 31.12.18	-304 651	-312 504
Utsett skattefordel 22 % / 23 %	-67 023	-71 876
Utsett skattefordel er ikkje balanseført.		

NOTE 13 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr 31.12.17	10 000 000	3 330 334	13 330 334
Årsresultat renovasjon næring	-	1 115 347	1 115 347
Eigenkapital pr. 31.12.18	10 000 000	4 445 682	14 445 682

NOTE 14 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

AKSJEKAPITALEN BESTÅR AV	Tal	Pålydande	Balanseført
Ordinære aksjar	10 000	1 000 kr	10 000 000
AKSJONÆRAR I SELSKAPET PR. 31.12.18	Ordinære aksjer	Eigarpart	Røystandel
Fjell kommune	10 000	100 %	100 %

NOTE 15 Sjølvkostrekneskap

FjellVAR fører sin selskapsrekneskap etter lov om årsregnskap m.v. Grunnlaget for sjølvkostkalkylane til FjellVAR vil vere rekneskapsførte inntekter og kostnader ifølgje reglane i rekneskapslova. Etterkalkylen er basert på eit samandrag av rekneskapsuttrekk frå selskapsrekneskapen. Kalkylen inkluderer også eventuelle forskjellar i periodisering samt årets finansielle resultat. Men forskjellar skal tilbakeførast over 5 år. FjellVAR forventar at avløpsfondet blir redusert dei komande åra då det er planlagt større vedlikehald og investeringar knytt til avløpsavdelinga.

Selskapet nyttar reelle renter i berekning av sjølvkost, med unntak av avdeling Renovasjon, der det er nytta kalkylerente i 2018. Bruk av kalkylerente i staden for faktisk rente kan skape problem, fordi det over tid blir ulik rente mellom sjølvkostrekneskapen og rekneskapen ifølgje reglane i rekneskapslova.

GEBYRREKNEKAP

2018	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon	Sum
Gebyrinntekter	44 330 849	40 182 643	3 203 923	26 535 230	114 252 645
Direkte driftskostnader	17 064 395	16 974 465	3 490 979	23 937 537	61 467 376
Indirekte driftskostnader	3 014 918	2 039 617	306 848	1 411 771	6 773 154
Avskrivinger	10 683 916	5 949 291	25 553	1 475 401	18 134 161
Nedskrivinger	-	304 447	-	-	304 447
Netto rentekostnad	8 909 652	6 895 087	-9 807	105 254	15 900 186
Sum	4 657 969	8 019 737	-609 651	-394 732	11 673 321
Dekningsbidrag for gebyrinntekter	112 %	125 %	84 %	99 %	111 %

2017	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon	Sum
Gebyrinntekter	42 892 761	38 820 460	3 101 153	26 061 514	110 875 888
Direkte driftskostnader	18 233 654	17 814 203	2 947 124	22 962 379	61 957 360
Indirekte driftskostnader	2 641 877	1 961 529	320 339	1 404 798	6 328 543
Avskrivinger	9 925 176	5 775 703	28 723	1 963 776	17 693 378
Netto rentekostnad	8 318 436	5 292 166	-14 631	83 473	13 679 444
Sum	3 773 618	7 976 859	-180 402	-352 912	11 217 160
Dekningsbidrag for gebyrinntekter	110 %	126 %	95 %	99 %	111 %

2016*	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon	Sum
Gebyrinntekter	42 182 734	35 715 603	3 194 783	25 819 416	106 912 536
Direkte driftskostnader	19 084 703	18 920 073	2 848 856	23 883 198	64 736 830
Indirekte driftskostnader	2 230 424	1 680 844	383 710	1 795 344	6 090 322
Avskrivinger	9 042 741	4 691 171	15 544	1 625 815	15 375 271
Netto rentekostnad	8 246 845	4 163 121	-15 295	90 783	12 485 454
Sum	3 578 021	6 260 394	-38 032	-1 575 724	8 224 659
Dekningsbidrag for gebyrinntekter	109 %	121 %	99 %	94 %	108 %

* Ved ein inkurie i 2016 blei det kostnadsført ei påkostning av ein pumpestasjon som skulle vore balanseført. Det er også i 2017 kommen ny informasjon om tidligare kostnadsført eigenkapitalinnskot i KLP. Samtlige feil er korrigert mot inngåande sjølvkostfond 1.1. og oppstillinga ovanfor er vist slik sjølvkostresultatet har utvikla seg dersom føringane hadde vore gjort riktig år.

HISTORISK UTVIKLING AV SJØLVKOSTFOND SISTE 5 ÅR

2018	Balanse 31.12.2017	Endring IB 01.01.2018	Resultat 2018	Balanse 31.12.2018
Vatn	4 678 304	-	4 657 969	9 336 273
Avløp	24 079 880	-	8 019 737	32 099 617
Slam	-376 469	-	-609 651	-986 120
Renovasjon	1 526 657	-	-394 732	1 131 925
Sum	29 908 372	-	11 673 321	41 581 690

2017	Balanse 31.12.2016	Endring IB** 01.01.2017	Resultat 2017	Balanse 31.12.2017
Vatn	805 148	99 538	3 773 618	4 678 304
Avløp	14 991 254	1 111 767	7 976 859	24 079 880
Slam	-210 096	14 029	-180 402	-376 469
Renovasjon	1 806 714	72 855	-352 912	1 526 657
Sum	17 393 020	1 298 189	11 217 160	29 908 370

2016	Balanse 31.12.2015	Endring IB* 01.01.2016	Resultat 2016	Balanse 31.12.2016
Vatn	-1 775 862	-997 009	3 578 023	805 148
Avløp	11 816 928	-2 076 268	5 250 595	14 991 254
Slam	-172 064		-38 032	-210 096
Renovasjon	3 382 437		-1 575 723	1 806 714
Sum	13 251 439	-3 073 277	7 214 861	17 393 020

2015	Balanse 31.12.2014	Endring IB* 01.01.2015	Resultat 2015	Balanse 31.12.2015
Vatn	7 537 085	-569 468	-8 743 479	-1 775 862
Avløp	6 452 940	-1 054 688	6 418 676	11 816 928
Slam	-668 581		496 517	-172 064
Renovasjon	3 983 222		-600 785	3 382 437
Sum	17 304 666	-1 624 156	-2 429 071	13 251 439

2014	Balanse 31.12.2013	Endring IB* 01.01.2014	Resultat 2014	Balanse 31.12.2014
Vatn	9 969 930	855 596	-3 288 442	7 537 085
Avløp	-786 307	670 602	6 568 645	6 452 940
Slam	-896 963	69 373	159 009	-668 581
Renovasjon	4 254 987	647 478	-919 243	3 983 222
Sum	12 541 647	2 243 049	2 519 969	17 304 666

***) Det blei i 2017 avdekket kostnadsføring av ei påkostning i 2016 av ein pumpestasjon som skulle vere balanseført. Det er også i 2017 kommen ny informasjon om tidlegare kostnadsført eigenkapitalinnskot i KLP. Begge feil er korrigerert mot inngåande sjølvkostfond 1.1. Oppstillinga ovanfor er vist slik sjølvkostresultatet har utvikla seg dersom føringane hadde vore gjort riktig år.

*) Ved ein inkurie er det i 2014 og 2015 blitt balanseført driftskostnader som i 2016 er korrigerert direkte mot sjølvkostfonda Vatn og Avløp. Endring i IB 2014 skuldast endring i rekneskapsprinsipp vedr. verknad av levealderjustering pensjon. Oppstillinga ovanfor er vist slik sjølvkostfonda har utvikla seg dersom føringane hadde vore gjort riktig år.



Trengereidpollen

REVISORS BERETNING



BDO AS
O.J. Brochs gate 16A
5006 Bergen

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlingen i Fjell Vatn, Avløp og Renovasjon AS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Fjell Vatn, Avløp og Renovasjon AS sin årsrekneskap.

Årsrekneskapet er samansett av:

- Balanse per 31. desember 2018
- Resultatrekneskap for 2018
- Kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per 31. desember 2018
- Notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

Er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga (styrets rapport).

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at annan informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide



ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si eyne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgaver og plikter viser vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 30. april 2019
 BDO AS

Charlotte Bårdsen
 statsautorisert revisor



Bak frå venstre: Cato Dahle, Ole Gerhard Fredheim, Bjarne Ulvestad. Foran frå venstre: Elna Nybakk, Tonje Alsvåg, Reidun Irene Brekke, Lars Oskar Lie. Eli Årdal Berland var ikkje til stades då biletet blei tatt.

STYRET 2018

Styret har i 2018 bestått av:

Ole Gerhard Fredheim, leiar av styret

Elna Nybakk, nestleiar

Eli Årdal Berland, styremedlem

Tonje Alsvåg, styremedlem

Reidun Brekke, styremedlem

Lars Oskar Lie, styremedlem

Cato Dahle, styremedlem

Det har vore sju styremøte.

REVISJON

BDO AS

Postboks 2760 Møhlenpris

5836 Bergen

BEDRIFTSLEIING

Bjarne Ulvestad, dagleg leiar

Stig Hagenes, fagsjef vatn og avløp

Espen Elstad, fagsjef renovasjon

Full aktivitet på Rov AS og Valen Marina AS ved legging av ny avløpsledning i sjø mellom Søre Straume og Sørøvågen på Foldnes, desember 2018.





Foto: Rune Sætre / FjellVAR
Design og trykk: Bodoni
Trykt på resirkulert papir





Fjell vatn, avløp og renovasjon AS
Lonavegen 20, 5353 Straume
Tlf.: 56 31 59 30
E-post: postboks@fjellvar.as
Org. nr. 985 345 899

www.fjellvar.as

